

GRAVLEGGING og KYRKJEGARDANE I KVITeseid



Ei orientering frå kyrkjekontoret, Kviteseid sokn

- til deg som har eller vil få eit forhold til kyrkjegardane.

I Kviteseid er Kviteseid sokn (kyrkja) gravferdsmyndigheit på vegne av kommunen.

Revidert mars 2023

Til deg som skal sørge for gravferda

Etter ordlyden i gravferdslova er det *ein* person blant dei pårørande som skal sørge for gravferda. Det er oftast den avdøde sin næraste etterlatne. Vedkomande skal ta nødvendige avgjersler om kva for gravferdshandling som skal veljast. Saman med kyrkjevevja skal den ansvarlege bestemme kvar den avdøde skal gravleggjast, og kven som skal vere ansvarleg eller festar for grava i ettertid.

Den som sørger for gravferda, bør så langt som råd respektere ønske frå den avdøde, men når det gjeld kremasjon, må viljen til avdøde fylgjast. Rettleiing om kven som kan sørge for gravferda, vert gjeven av kyrkjekontoret eller gravferdsbyrået.

Val av grav

Den som har hatt heimen sin i Kviteseid kommune, kan få grav på kva kyrkjegard som helst innan kommunen. Om avdøde på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, gjeld det same.

Det er unntak og restriksjonar for gravstader ved Kviteseid *gamle* kyrkje og nokre bratte område på eldste del av kyrkjegarden i Kviteseid sentrum. Her har kyrkjevevja meir informasjon.

Dei som ikkje har hatt heimen sin i kommunen (vore folkeregisterført i Kviteseid fram til død), kan og gravleggjast i Kviteseid, men det medfører ekstra betaling. Sjå meir om det i siste avsnitt.

[Ved gravlegging med kiste](#) kan ein anten velje ei ny grav, eller gjenbruk av ei familiegrav. Det er høve til å reservera ei eller to graver til attlevande ved sida av ny enkeltgrav, men berre i samband med eit dødsfall. *Ei ny enkel kistegrav* gjev plass til ei kiste og er fri for betaling så lenge ho er freda. I Kviteseid er fredingstida 20 år.

Gjenbruk av ei familiegrav som allereie er festa, medfører at festet held fram*. Den vert då ikkje fri grav. Løyve til gjenbruk, er det berre festaren av gravstaden som kan gje. Det må då vere minst 20 år sidan siste gravlegging i same grav.

Ei reservert grav må betalast festeavgift for frå fyrste år. Ho vert ikkje fri grav når ho blir tatt i bruk*. Festet held fram for 5 år om gongen, minimum i heile fredingstida (20 år etter at ho er tatt i bruk).

[Ved kremasjon kan ein velje at urna blir gravlagt eller at oska blir spreidd i naturen.](#)

Er det ynskje om å spreie oska for vinden, må søknad sendast Statsforvaltaren i fylket.

Vi har ikkje eigne urnegraver eller felt i Kviteseid, men nyttar framleis ordinære graver. Ei kistegrav kan gje plass til seks til åtte urner. Urnegrav er alltid fri for betaling så lenge ho er freda (20 år). Det er ikkje høve til å feste fleire urnegraver saman. Urne kan setjast ned på grav også i fredingstida (mindre enn 20 år sidan siste kistegravlegging). Ny urne i tidlegare bruka grav, gjev alltid ny fredingstid (nye 20 år utan festeavgift).

[Minnelund](#) er under utarbeiding. Den kan nyttast av folk som ikkje ynskjer eller kan ha ei grav med eiga gravstøtte. Der vil det bli ei felles minnestøtte med eit mindre skilt for kvar person. Det blir felles planting, plass til eigne ljøs og avskorne blomar, og benk til å sitje på. Prisar og meir informasjon kjem seinare. Urner vil då til dømes bli sett ned på umerka plassar på kyrkjegarden. Minnelund kjem fyrst på den nyaste gravplassen ved Kviteseid kyrkje.

Festeavgift

er i denne samanhengen betaling for bruk av ei grav (leige av grav). Festeavgifta vert fakturert forskotsvis kvart 5. år, på vegne av kommunen. Festeavgift er for tida kr 250,- pr. år. Det betyr at ein betaler kr. 1250,- pr. grav forskotsvis for ein 5-årsperiode. Ein gravstad kan då ha ein, to eller tre graver som må betalast festeavgift for samla eller kvar for seg.

Alle graver kan vidareførast som festegraver i inntil 60 år etter siste gravlegging. Etter 60 år vil ein normalt ikkje kunne fornye feste, og grava må slettast. Nokre gravminne blir likevel ståande lenger viss staden ikkje skal brukast igjen, eller viss heile gravstaden er freda, som ved Kviteseid gamle kyrkje.

Den som sørgjer for gravferda, må utnemne ein festar til gravstaden. Elles er det den som sørgjer for gravferda som sjølv blir festar.

Gravferdsseremoni eller bisetting i kyrkja

er ei kyrkjeleg handling. Det er sjølv sagt heilt frivillig om ein ynskjer ei slik kyrkjeleg handling, eller om ein vel ei anna form. Kviteseid kommune har ikkje noko livssynsnøytralt seremonirom. Då må ein til dømes spørje på Sundvang eller andre stader.

Kyrkja kan berre nyttast til kyrkjeleg handling. Ei slik handling er presten ansvarleg for, i god dialog med pårørande.

Det er mogleg å velje gravlegging utan nokon slags seremoni i kyrkja eller andre stader.

Nokon har hatt seremoni eller bisetting i andre kommunar, gjerne der avdøde budde, før kista eller urna blir sett ned i Kviteseid.

Frist for gravlegging

er 10 vyrkedagar etter dødsfallet. Etter kremasjon skal gravlegging skje innan 6 månader.

Gravplassmyndigheita i kommunen (Soknerådet ved kyrkjevevja) kan forlengje desse fristane dersom det føreligg tungtvegande grunnar for det.

Gravlegging etter kremasjon

Urna skal etter kremasjon oppbevarast på krematoriet eller der kyrkjekontoret oppbevarer slike. Tid og stad for urnenedsetjing skal avtalast med kyrkjekontoret. Ansvarleg for bisettinga og kremasjonen kan sjølv henta urna frå krematoriet. Det vanlegaste er likevel at kyrkjekontoret avtalar med krematoriet om sending av urna til kyrkjekontoret.

Gravminne / gravstein

Det er høve til å setje opp eitt gravminne på kvar grav i ein gravstad. Det kan tidlegast skje seks månader etter ei gravferd med kiste. Urnegrav treng ikkje vente tilsvarande med å setje opp gravminne.

I ventetida har kyrkjegarden eit merke med namn på avdøde, oftast eit kvitt kors. Når jorda på ei kistegrav har sunke tilstrekkeleg, vil kyrkjegardsarbeidarane sørgje for planering og såing av gras. Familien kan plante blomar når dei ynskjer det, sjølv om grava ikkje er planera og tilsådd med gras.

Ein bør ta seg god tid ved val av gravminne, og kyrkjekontoret skal godkjenne dette før oppsetting. Dei fleste gravminne som blir formidla gjennom gravferdsbyrå eller eigne stein-leverandørar, vert godkjende. Grava kan rammast inn av ei tre-ramme som ikkje er større enn plantefeltet. Dekorplate med eller utan hol til blomar kan nyttast. Den må då ikkje vere breiare enn gravminnet og må ligge i høgde med terrenget rundt. Det er ikkje høve til å ramme inn grava eller delar av henne med hekk, stein eller metall. Stein og metall øydelegg driftsmaskinar.

Gravminnet kan forsynast med tekst, symbol, dekor eller fotografi. Alt skal vere sømeleg, og namnet som blir sett på, skal vere identisk med namnet til den som er gravlagd i grava. Gravminnet skal vere solid og tole dei påkjenningane det vert utsett for ved vanleg drift og vedlikehald av kyrkjegarden. Lykter, fuglar og andre pyntegjenstandar som er ein del av gravminnet, kan berre brukast når dei er like solide som sjølve gravminnet. Kyrkja kan ikkje ta ansvar for lause gjenstandar dersom dei vert øydelagde.

Eit gravminne skal etter forskrift sikrast med fundament og syrefaste stålboltar som bind det til fundament/sokkel. Dette syter vanlegvis leverandøren for. Gravminnet skal ikkje vere breiare enn 85 cm og normalt ikkje høgare enn 100 cm.

Gravminne på ny kistegrav skal plasserast i bakkant av grava og skal bli ståande der sjølv om ein har dobbel eller trippel grav.

Den som er ansvarleg for grava eller gravstaden, er ansvarleg for at gravminnet ikkje forfell.

Pynting av grava

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit bed eller plantefelt i høgde med graset omkring. Feltet må ikkje vere breiare enn breidda på sokkelen, og ikkje gå lenger fram enn 60 cm frå bakkant av sokkelen. Det må ikkje plantast blomar og buskar som vert høgare enn gravsteinen, eller som går ut over plantefeltet. Planter og buskar som dekkjer over skrifta på gravminnet, kan bli fjerna av tilsette i kyrkja utan at festar vert varsla.

Det er høve til å pynte med krans, lykt, blomsterbukett m.m., men slike lause pyntegjenstandar skal takast bort etter bruk. Avfall skal kastast på tilviste stader; jord og planterestar for seg, og anna avfall for seg. Plantefelt der det ikkje vert planta, skal såast til slik at det er grasbakke på alle sider av gravminnet.

Betaling av avgifter og tenester

Gravferdshandling (på kyrkjegarden) er gratis for alle som var busette i Kviteseid kommune. Dette gjeld også om avdøde dei siste åra av livet budde i annan kommune av helsemessige årsaker.

For person som var busett i annan kommune, men blir gravlagd i Kviteseid, vert kostnaden fakturert. Pris for opning og lukking av kistegrav er kr 5000,-. For nedsetjing av urne er prisen kr 1500,-. Slike graver må og betalast festeavgift for frå påfølgjande år.

Gravferd-seremoni i kyrkja, er gratis for alle medlemmer av Den norske kyrkja. For andre vert det kravd betaling for leige av kyrkja kr 3000,- og eventuelt organist kr 1500,-.

Det er mogleg å gjere avtale med kyrkjekontoret om planting og stell av blomar mot betaling for ein sesong om gongen, eller langtidsavtale for minst 5 år. Sesongavtale blir fakturert etter kvar sesong. Langtidsavtale krev førehandsinnbetaling (legat / fond). Desse varierer i pris, avhengig av kor mykje dei etterlatne ynskjer skal bli gjort og pris på blomane. Det blir då sett ned ei sjølvvatningskasse til å plante i.

Besøk på kyrkjegarden

Alle er velkomne til å besøkje kyrkjegardane i Kviteseid, men opphald og ferdsel må skje på ein verdig og sømeleg måte, og i tråd med eigenarten rundt desse gravstadene. Besøkjande skal så langt det er mogleg ferdast gåande, og hundar skal førast i band.

Kontaktinformasjon

Kyrkjekontoret / Kyrkjevevja	350 68 131	970 47 860
Sokneprest	350 68 132	469 07 231
Gravferdsbyrå:	Seljord Begravelsesbyrå :	951 20 825
	Vest-Telemark Gravferdsbyrå:	928 13 634

Denne orienteringa er utarbeidd på bakgrunn av 'Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdslova) av 7. juni 1996', føreskrifter til gravferdslova og vedtekter for kyrkjegardane i Kviteseid.

Desse dokumenta finst på kyrkjekontoret og på nettsida til kyrkja i Kviteseid. Du kan lese om dette på kyrkja.no/kviteseid.

Kviteseid sokn
Mars 2023